

Os kommune

Oppvekst og kultur

Os, 12.09.2017

Beskrivelse av tiltaket.

Os kommune satsar for fullt vidare med merking og tilrettelegging av turløyper i kommunen. Underteikna har ei 60 % stilling ved Kultureininga, og stillinga er i hovudsak knytt opp mot Merkeprosjektet. Gjennom Merkeprosjektet har Kommunen fått eit flott samarbeid med Os Turlag og spesielt med Dugnadsgjengen som har fast møtedag om Torsdagane. Vi møtes jevnleg og diskuterar korleis vi skal ta fatt på nye arbeidsoppgåver, og kva nye områder ein skal prioritera for merking og tilrettelegging. Samtidig har vi eit godt samarbeid med avdeling for kart og oppmåling, og Teknisk Drift, internt i kommunen. Torbjørn Steffensen ved kart og oppmåling har gjort ein kjempejobb med å legge inn alle GPS koordinatar som kjem inn for turløyper. Han er og viktig i arbeidet med å få laga skikkelege kart til informasjonstavlene som vi heng opp rundt om i kommunen. Agnethe Haugland og Jan Terje Lund ved Teknisk drift har bidrege med å sjå på løysningar der det har vore behov for å opp gradera veg inn til turområder og parkeringsalternativ for turglade innbyggjarar. Parkeringsplassar og tilrettelegging for parkering er ei stor utfordring for prosjektet. Noko som vi har jobba lenge med er å få i stand ein avtale med grunneigarane i Øvredalen om parkering for turfolk. Grunneigarane stilte som krav at om dei skulle gi løyve til merking av turstiar, måtte siste del av veg(550 meter) inn til parkeringsplass få fast dekkje. Os kommune og Grunneigarane blei einige om ein avtale der Os Kommune og Grunneigarane i Øvredalen har delt kostnadane knytt til opp gradering av veg med fast dekkje (asfalt). I avtalen har Os kommune ein 10 års bruksrett til parkeringsplass for folk som ynskjer å gå på tur mellom anna til det høgste fjellet i Os, Svénigen 842 moh. Andre fjell ein kan nå frå Øvredalen er Søtafjellet, Sauskolten, Rindafjellet, Midtsæterfjellet, Gråfjellet og Botnahytto. Avtalen med grunneigarane har og vore viktig for andre aspekt ved friluftslivet. Her kan ein kjøpe fiskekort for Øvredalsvatnet, telte i nydeleg og vill natur, høyre hjorten brøla i brunsten, samt at det er eit Eldorado for bærplukking. Når vi no har ein parkeringsplass for området vil skulane i Os nytta området i større grad enn tidligare.

Alle turane som er beskrivne i vedlegg 1-5 ligg i eit område i Os der det er store planer for bustad utbygging. Grunneigarane for område i har vore imøtekommande og ved fleire anledningar deltatt ute i felt, og vist kor dei ulike stiane er. Viktige punkt som underteikna og grunneigaren har vore einige om, er at ein ser det vil bli stor byggeaktivitet i området, og mange vil busette seg i nærleiken til turområdet. Då er det viktig å merke stiane slik at folk blir godt opplyst og nyttar dei stiane som er tilrettelagde. Vi håpar og at ved å merke stiane og legge tilrett, vil dette bli tatt hensyn til i reguleringsplan for området. Her kan vi være i forkant og påvirke at turområder blir tatt vare på.

Like i nærleiken ligg Liafjellet som var det første området Os Kommune og Turskiltprosjektet var inne og merka i. Dette område er nytta av veldig mange og slitasjen i området er markant. Ved å få merka områda som er beskrivne i vedlegg 1-5, håpar vi det kan vera med å avlaste trafikken til Liafjellet.

Underteikna vil og nemne at det er inngått ein avtale saman med Nore Neset Ungdomsskule. Fleire av ungdomane ved skulen har ulike utfordringar som gjer at dei strevar i skulekvardagen sin. Underteikna har opna opp for å ta med seg elevar som kan vera med å hjelpe til i turskiltprosjektet. Kvar Torsdag er ein eller 2 elevar med og jobbar ute i felt. Dette er eit spennande prosjekt, og vi håpar det kan vera eit flott bidrag til merkeprosjektet samt at dei elevane som får vera med, får ein liten Time-Out frå skulekvardagen som dei slit med.

Alle grunneigaravtalane for områda ein ynskjer å merke i er underteikna.

Områder ein ynskjer i merke i 2018-2019:

Frå Askvik til Høgelikampen (Vedlegg 1)

Området har kjempepotensiale og er allereie eit mykje brukt turområde. Det aller meste av turen går på traktorveg og flott skogssti. Undervegs er det eit par utsiktspunkt der ein ser mellom anna Austevoll, Strøno, Fitjar, Halhjem og Nore Neset. Grunneigar Erling Askvik har laga til benker som ein kan sitje å nyte utsikten på.

Frå Hovland til Høgelikampen. (vedlegg 2)

Turen går for det mest på flott skogsveg før den svingar inn på skogssti dei siste 500 metrane. Turen er ein del av ei rundløype som går via Askvik og tilbake til Hovland.. Turen går i lett terreng, på skogsveg og er ikkje av dei lengste. Turen vil graderast blå ut i frå Merkehandboa.

Frå Hovland til Vardafjellet. (Vedlegg 3)

Ein tur som er mykje brukt og som går via Hovlandsvatnet. Første del av turen går på ny skogsveg. Den er bratt, men underlaget er veldig bra. Ein flott tur som endar opp med nydeleg utsikt mot Lysefjorden frå Toppen. Blir gradert blå ut i frå Merkehandboka.

Frå Hovland via Vardafjellet og over til Drange(Vedlegg 4)

Ein kan gå frå enten Drange eller Hovland. Turen går i lett skogsterreng og på vegen kan ein stanse ved Mikkelsvatnet og prøve fiskelukka. Dette er eit vatn med bra bestand av aure. Fisken er ikkje av dei største men bitevillig.

Frå Hovland til Tyskarhytto. (Vedlegg 5)

Frå Hovland går det ein sti til Tyskarhytto. Dette er ruinane etter ein radiostasjon som tyskerane oppretta under 2.verdskrig. Tyskerane nytta hytta som utsiktpunkt, slik at dei kunne følge med på den Maritime trafikken inn mot Bergen. Turen blir gradert blå ut i frå Merkehandboka.

Frå Tveit til Tyskarflyet (vedlegg 6)

Under 2.verdskrig styrta eit tysk bombefly i Hegglandsdalen, mellom Møsnuken og Rødsfjellet. Restar etter vraket ligg sprett i fjellsida. Fleire skular i Os har ønska at ein merkar tursti til der vraket ligg, slik at dei kan ta elevane med seg inn å vise noko konkret frå tida då Norge var okkupert av Tyskarane. Turen vil bli gradert blå ut i frå Merkehandboka.

Frå Tveit til Gjemdal (Vedlegg 7)

Ein bratt tur som kan vera noko krevjande for enkelte. Frå Tveit kan ein gå mot Møsnuken og Rødsfjellet eller gå ned på Gjemdal som vist på kart. Turen vil graderast blå ut i frå Merkehandboka. Begge turane som er vist i vedleg 6 og 7 er turar som Hegglandsdalen Skule har vore opptatt over bør merkast.



Ut over dei løypene vi nemner over jobbar vi kontinuerlig med grunneigarar i kommunen der det er turløyper. Bømarka er eit område som vi ønskjer å få lagt til rette både gjennom merking og tilrettelegging med klopper, bruer og generelt rydding av stiane. Her er vi i god dialog med grunneigarane og håpar på positivt utfall.

Os Kommune har og kjøpt eit stort område i Stokkedalen mot Raudlio. Her kan vi merke turstiar frå Tøsdal til Hausdalen via, Møsnuken, Stokkedalen og Raudlio. Vi ser og for oss merking frå Hatlelia til Midtsæter, Krokvatnet, Rødsfjellet m.fl.

Roar Haugsgjerd

Konsulent idrett og friluftsliv

Os kommune